



Boks og flasker i foret kan i verste fall føra til døden for ei ku. Bilete er frå Nedre Fet i slåtten for knapt ei veke sidan.

**Dette innlegget er ein gjengangar, men like viktig for det. Kvart år skriv nemleg Uskedalen.no om ølboksar og flasker som vert kasta i graset langs vegen. Problemet er størst langs Fylkesvegen i sentrum, på Nedre Fet, på Sandabakkane og langs vegen på Ytre Rød. Dersom slike boksar kjem inn i ein rundballe og går med i dyreforet, kan det i verste fall føra til slakting og store tap for dyreeigar.**

Boks og flasker er eit årleg problem i slåtten for mange bønder. Seinast på Nedre Fet vart boks teken inn i slåmaskinen og klipt opp til skarpe bitar, som eit barberblad. Kjem dette inn i foret utan å merka det, kan det føra til døden for ei ku. Det som skjer er at bitane fører til rifter og punktering i svelg, mage og tarm. Dyret lir og har ein smertefull betennelse og blødning.

Innlegget er difor ei sterk oppmoding om å ikkje kasta aluminiumsboks og flasker ut bilvinduet. Ei krone i pant er betre enn smertefulle dyrelidningar og store tap for bonden.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal